



Bassisten og uskedelingen Ruben Aksnes (20) søker no kommunen om kulturstipend og opererer med eit samla budsjett på mellom 29000 og 34000. Han bur no i Trondheim og nyttar all si fritid på å øve for å bli musikar på heiltid. Han studerer historie ved NTNU.

Hovedprosjektet hans er bandet Jitney som ellers består av Ari Thorsteinsson og Kim Christer Hylland. Dei bur alle i Trondheim og driv no med innspeling av debutalbumet sitt, noko som skjer i Etne. Truleg kjem det ut til våren.

I tillegg har trioen mange livejobbar. No i september dreg dei på ein vekesturne til Island der dei har 5 spelejobbar.

Ruben er også med på eit prosjekt som er skreve av Andreas Nergård.
og fleire andre prosjekt.
På biletet er han saman med broren Sindre.

(Foto: Ola Matti Mathisen)